




## Statens vegvesen



Ingeniør Aarland AS  
v/Ole Andreas Dalland  
Eidsvågbakken 1  
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Heming Lunestad - 53650124

Vår referanse:  
2014/124289-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
15.10.2014

### Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense langs Fv 301, riving/oppattbygging av veksthus - gnr. 44 bnr. 1 - Ulvik herad.

Viser til søknad av 07.10.2014.

Tiltaket gjeld riving av eksisterande og bygging av nytt veksthus 14 m frå midt av Fv 301, same avstand som i dag. Avkøyrsla skal liggja som i dag, men strammast opp. Det vert ikkje endra bruk av avkøyrsla.

Terrenget ved nybygget vert heva 0,8 m i høve til dagens nivå og det er tenkt parkeringsplass ut mot Fv 301. Vi set fylgjande krav i samband med heving av terrenget:

- Fyllinga skal utformast slik at det vert tydeleg grøft mot fylkesvegen
- Horisontal avstand frå vegkant til topp fylling skal vera minst 2 m
- Parkeringsplass/topp fylling skal sikrast med betongkant mot Fv 301
- Fyllinga må ikkje hindra sikt i avkøyrsla

Vi gjev med dette dispensasjon frå byggegrense ved **Fv 301 hp 1 km 0,434** for bygging av nytt veksthus med ein avstand på 14 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på gnr. 44 bnr. 1 i Ulvik herad.

Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve veglova, og ikkje dei rettar de har ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med lovføresegnene om byggegrenser i veglova §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

1. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Dispensasjonen fell bort dersom omsøkte byggjearbeid ikkje er starta innan 3 år frå d.d.
3. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side. Vi vil påpeike at trafikkstøy kan vere til ulempe.
4. Dersom bygget vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglova § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Det er klagerett etter reglane i forvaltningslova.

Plan og forvaltning, Voss og Hardanger  
Med helsing

*for* *Kåre E. Stenseth*  
Carl Erik Nielsen  
Seksjonsleiar

*Heming Lunestad*  
Heming Lunestad

Kopi: Hordaland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 BERGEN  
Ulvik herad, Skeiesvegen 5, 5730 ULVIK  
Hjeltnes vidaregåande skule, Hjeltnesvegen 185, 5730 ULVIK